

BYGGJESKIKKRETTLIAR



VALLE KOMMUNE

BYGGJESKIKKRETTLEIAREN



Det er god byggjeskikk å ta omsyn til eksisterande bygningar og kulturlandskapet !

Med byggjeskikkrettleiaren ynskjer ein å peike på tilhøve det er viktig å ha i bakhovudet når ein vel byggeform. Eit kompromiss mellom planløyising og materialval frå det gamle og det moderne kan

kanskje gi ei løysing som stettar dine ynske.


Byggjeskikkrettleiaren er meint som ei rettesnor og ein "tankevekkjar". Teksta er ikkje meint å vere uttømande for den som

går og funderer på korleis det nye huset skal plasserast og byggjast, men meir som ein innfallsport til dei vurderingar ein ynskjer at den som vil byggje gjer før ein set i gong.

TRADISJON

Trehus er tradisjon i Noreg. Kan vi nytte oss av dei kunnskapane vi har om byggverk av tre og kombinere dei med moderne teknikk i dagens bygg og anlegg, utviklar vi tradisjonen vidare.

God byggjeskikk er å kombinere tradisjon med behov i samtida og la det påvirke såvel lokalisering og formspråk som planløyseringar tilpassa livsform.



HUS OG LIVSFORM

I dei gamle husa finn ein element som gir identitet og forankring til staden fordi handverk, materialval og husa vart forma ut frå lokalt tilfang.


Planløyseringa i dei gamle setesdalshusa har ei enkel og harmonisk romdeling som forma seg rundt peisen/åren, langbordet og paden, og ikkje minst den glaslause veggen der skåp og kvile var plassert.

Nystoga var berre til bruk ved høgtidene og særskilte høve, både av di det var energikrevjande, og fordi den andre stoga oppfylte dei daglege funksjonane.


Med ferdighusa kom byggverk som representerte den amerikanske draumen om ein bungalow.

Romdelinga med lite kjøkken og stor stoge, representasjonsrommet, medførte òg ei anna livsform.

Kjøkkenet, som tidlegare var opphaldsrom, arbeidsrom og plass for matlaging, vart no mindre både i form og funksjon.



Planløysering i gamle Setesdalshus.



Planløysering i moderne ferdighus.

TRADISJON

BYGGESKIKK

Gjennom handverkarane sine røynsler har ein fått vidareført gode løysingar både når det gjeld romdeling, val av materialar, detaljering og anna. Med andre ord ligg det i ordet byggjeskikk at byggjemåten steg for steg har utvikla seg gjennom tradisjon og årtider.

"Setesdølane var før ikkje så svinte til å leggje ned det gamle før dei hadde røynt at det nye var "godt nok", heiter det."

All levande byggjekultur er i kontinuerleg forandring. Blir forandringane så store og plutselige at dei får karakter av brot - så er vi på veg ut av det stadeigne. Ein bør kunne forklåre det nye ut frå kjennskap til det eksisterande.

Både den som vil ha eit hus bygd eller restaurert og ikkje minst fagarbeidarane, handverkarane, har eit særleg ansvar for at tradisjonen og byggjeskikken utviklar seg på ein "verdig" måte.

TUNSKIPNAD

Ser ein på dei gamle tuna, finn ein at husa var bygde i rekkjer. Låg husa på to rekkjer, låg dei sjeldan midt framom kvarandre, og husrekkjene var ikkje parallelle. Utsynet var viktig. Tuna var ofte svært vide og opne. Ein brydde seg mindre om ly for vind og ver. Det var viktigare at husa låg sjåleg til.

Gardane vart såleis liggjande høgt og fritt.

Det monumentale loftet låg med lofts- og bursdøra i gavlen vendt fram mot tunet.

På sletter var det vanleg at inn- og uthusrekkjene stod i vinkel mot kvarandre, med eit smalt smytte i mellom. Vinkeltunet var ope mot ettermiddagssola eller mot tilkomsten til garden.

Det er ganske særmerkt at 4-5 bruk kunne ha samla husa i kring eit tun / ei klynge. Med utskifting braut ein litt etter litt med dette mønsteret.



Tradisjonelle tun!



PLASSERING AV NYE BYGNINGAR

NYE BYGNINGAR I GAMLE BYGNINGSMILJØ

Nye bygg, anten spreidd utbygging eller i eit tun, krev at ein underordnar seg dominerande trekk i byggjemønster, både ved plassering og utforming.

Det betyr at ein vidarefører:

- ♦ plassering i landskapet
- ♦ takvinkel (vanlegvis fjordungsrausta:27gr.)
- ♦ høgde på hus
- ♦ detaljar og materialval

Det er likevel viktig å syne at huset er frå ei nyare tid, og at ein trekker med seg moderne løysingar på premissar som nemnt ovanfor. Ein arkitekt kan gjerne våge seg til ein modernisert, monumental gavl som tek opp i seg noko av uttrykket frå loftet.

Mange løysingar som har ein generell tilknytning til sør-norske innlandsbygder, kan

tilpassast eldre busetnad og kulturlandskap i Setesdal.

Det er få døme på nyare tids byggverk som ber i seg ein klar "Setesdalskarakter", men det ligg store utfordringar her.

Ein rår generelt i frå å føre opp ferdighus i gardstun. Dei kan ikkje seiast å vere tilpassa byggjeskikken i Setesdalen.

BYGG I BUSTADFELT

Bustadfeltet representerer i seg sjølv ei buform som er ny. Plassering og utforming av bustaden er meir open enn i etablerte kulturlandskap. Omsyn ein likevel bør ta, er ei intern samordning på form, møneretning, takvinkel og stilpreg, slik at den eine ikkje slær det andre i hel. Bustadfelt bør òg byggje opp sitt særpreg innanfor ei heilskapleg ramme.



Eksempel på dårleg stadtilpassing

PLASSERING AV NYE BYGNINGAR

UTFORMING

Nye hus skal bere i seg element frå den tida dei blir bygde i, samstundes er det ynskjeleg å trekkje med seg tradisjons-element. Det kan vere svalgong, detaljar frå dør- eller glasomramming, fargesetting og liknande. Viktigast er likevel at bygninga si plassering i landskapet tek opp i seg det stadeigne, og at bygningane har proposjonar som spelar opp mot dei tradisjonelle

Setesdalshusa.

Dei verste overgrepa kan ein unngå ved ikkje å blande stilartar. Gamle hus held på sitt utsjåande, også etter eventuelle utvidingar. Dersom ein vel å forandre fasaden til meir moderne utgåve, er det viktig å gjennomføre ein stil på heile yta.



Eit godt eksempel på stadtilpassa nybygg.

STADTILPASSA NYBYGG

VOLUM

Tømmeret var ein avgrensande faktor for lengd og breidd på dei gamle stogene. Det er viktig at hus harmoniserer innbyrdes. Dersom ein har behov for store boligflater, kan ein søkje å dekkje opp dette ved å dele opp huset i fleire einingar.

TAKFORM

Valmtak og pulttak høyrer ikkje heime i Valle. Generelt tilrår ein saltak.


TAKVINKEL

Vel innanfor treung- til fjordungsrausta tak, dvs. 34 til 27 gradar.

TAKTEKKJING

Omleggjing av tak på gamle hus krev tradisjonelle tekkjematerialar som torv, skifer eller takstein. Stålplater er framandelement !

Skal torvtak nyttast på nyare hus, må formspråk elles på fasaden bere i seg element frå det gamle. Arbeidet må utførast handverksmessig, slik at ein ikkje får lekasje.



Ikkje slik!

STADTILPASSA NYBYGG

VEGGER/FASADE


Huset får heilt ulikt preg etter kledning anten ein vel ståande panel, brystning eller liggjande panel. Breidde på over- og underliggjar, høvla og profilert kontra tømmermannspanel eller villmarkspanel er og viktig.

Ved tilbygg eller restaurering er det stilbiletet du vel å "påføre" fasaden avheng av tidsepoke du vel å tilbakeføre huset til.

Den detaljerte og stilreine sveitser-epoka omkring 1900-1920 er viktige å bevare, av di mange av desse lokale døma er vorte omkledd og forenkla i uttrykket.

FARGEVAL

I eksisterande bygningsmiljø må ein ta omsyn til omgjevnadene. Føredøma er kvitt, raudt og tjørebrædd. I tillegg kan ein velje innanfor jorfargeskalaen, t.d. grøntonar og oker.



ARK. LØVDAHL

Slik kan det gjerast!

STADTILPASSA NYBYGG

VEGGER/FASADE

Huset får heilt ulikt preg etter kledning anten ein vel ståande panel, brystning eller liggjande panel. Breidde på over- og underliggjær, høvla og profilert kontra tømmermannspanel eller villmarkspanel er og viktig.

Ved tilbygg eller restaurering er det stilbiletet du vel å "påføre" fasaden avheng av tidsepoke du vel å tilbakeføre huset til.

Den detaljerte og stilreine sveitser-epoka omkring 1900-1920 er viktige å bevare, av di mange av desse lokale døma er vorte omkledd og forenkla i uttrykket.

FARGEVAL

I eksisterande bygningsmiljø må ein ta omsyn til omgjevnaene. Føredøma er kvitt, raudt og tjørebrædd. I tillegg kan ein velje innanfor jorfargeskalaen, t.d. grøntonar og oker.



ARK. LØVDAHL

Slik kan det gjerast!

STADTILPASSA NYBYGG

DETALJERING


Som nemnt har sveitser-husa stor detaljrikdom. Lopt og årestoger hadde og detaljeringar som er verdfulle å ta vare på, så som inntrekt svalgong, dekorert dør og omramming, og særmerkt interiør. Det kan vere aktuelt å trekkje med slik detaljering over i nye "Setesdals-bygg"

Bruk av karnapp, kvist må ein vere svært forsiktig med å trekke inn i bygningsmiljøet i Valle.

Mange ynskjer å føre opp veranda, og omsyn ein då må ta, er at dimensjon og utforming stemmer med resten av huset, alternativt at ein byggjer ein uteplass som stettar behovet.

SOKKELETASJE

Vel 1- til 2- høgda hus. Ein tilrår panelt sokkeletasje framfor høg murkrone med ein etasje oppå.



EVJE BYGG A/S



Eller slik!

STADTILPASSA NYBYGG


VINDAUGE

Glasopninga må tilpassast den stilen som fasaden elles har.


Tradisjonelt setesdalshus



Sveitserhus






70-tals hus




GODE DØME

Nytt hus i gammalt tun.



GODE DØME

Bustadfelt.



GODE DØME

Nybygg med tradisjon.




GODE DØME



GODE DØME



Utviding av tradisjonelle setesdalshus.



UTVIDET MELLOMBYGG


ARK.
DRANGE OG
AANONJEN

TILBYGG .BAK




GODE DØME

Moderne bolig i tradisjonelt setesdalshus.



KONSMO HUS , KONSMO FABRIKKER A/S



ETTERORD

Byggjerettleiaren er utarbeidd for ei oppnemd gruppe. Desse har vore med i gruppa: Erling Sagneskar, Marit Bergland Rysstad, Ånund K. Homme og Torleif Homme.

Multiconsult-Valle har på oppdrag og i samråd med gruppa forma tekst og figurar i rettleiaren.

Valle, 11.11.94



Hallvard Homme



Signe Sollien Haugå